

Til NVE-Konsesjonsavd., Oslo

Austrepollen Vassverk
5476 Mauranger.

Mauranger, 19.11-2014

Merknad til Søknad om konsesjon til overføring av «Vatn 1112» til
Bukkaspelv./Svartedalsmagasinet

Ser at fristen for kommentarar gjekk ut 30.10-14, men vil allikevel gjera merksam på at drikkevannskjelda i Austrepollen kan bli skadelidande av at ein tek vatn frå Såfosse-området.

Vassverket vårt får i dag vatn frå ein bekk/oppkomme inne ved Øyershagen, (i nærheten av Folgefonn-tunnelen). Ved ein evt. utbygging av ovennevnte vassdrag, kan det henda at bekken vil minka vesentleg og vinterstid kan tørka inn.

I såfall blir Statkraft Energi AS, den første abonnenten som går tom for vatn, og i tillegg må de skaffa oss ny brønn med dei nødvendige forpliktelsar dette medfører kostnadsfritt, for å gi oss den vannmengde me har pr. i dag.

Me forventar at om det skulle bli ei utbygging, blir det teke ei kartlegging av drikkevannskjelda både før og etter at prosjektet er ferdig for å vurdere evt. endringar.

Dette er meint som ei orientering/krav og kva som kan bli realiteten hvis det kjem ei utbygging.

Med helsing

For Austrepollen Vassverk:

Anders Gjerde

Gunnar Onarheim

